

# REFERAT

## Oppstartsmøte i plansaker i region Nordhordland og Gulen

### Malen sin disposisjon:

1. Sak, tid og stad
2. Føremålet med planarbeidet
3. Rammer for planarbeidet
4. Viktige utgreiingsbehov ,( KU, Planprogram )
5. Lokale forskrifter og retningslinjer som gjeld for planområdet:
6. Krav til planforslaget – innhald og materiale
7. Kommunaltekniske anlegg
8. Kart
9. Planprosess
10. Førebels råd frå kommunen
11. Attestasjon

Oppstartsmøtet sitt formål er å avklare offentlege føresetnader for at planforslaget skal kunna bli realisert og gje grunnlag for ein god planprosess.

Den som skal utarbeida reguleringsplan for eit område eller framlegg til endring av gjeldande plan, skal bestille eit oppstartsmøte med kommunen før planarbeid blir starta.

Frå oppstartsmøte skal det skrivast referat. Kommunane i region Nordhordland og Gulen har mai 2006 vedteke å bruka denne malen for desse referata. Momenta i malen skal fyllast ut.

<b>1 Sak: 17/1489</b>	
<b>Møtestad: Meland Rådhus</b>	<b>Møtedato: 05.09.2017</b>
<b>Deltakarar:</b> frå forslagsstillar	Frå kommunen:
Tiltakshavar: Statens vegvesen v/ Eva-Beate R. Torsvik Marianne Skulstad	Plan: Ingrid Raniseth, Kristin Nåmdal, Alexander Helle Veg/prosjekt: Berit Eskeland Landbruk: Marius Flemmen Knudsen
Konsulent: Multiconsult v/ Christine Nilsen Toril Amundsen	Byggesak: Merethe Tvedt GIS: Hans Ove Kannenberg
<b>2. Føremålet med planarbeidet</b>	
<b><u>Bakgrunn og formål for planarbeidet</u></b>	
Mellombels kort skildring av omfang og planlagde tiltak:	
Statens vegvesen skal på vegne av vegeigar Hordaland fylkeskommune utarbeide detaljreguleringsplan for fv. 564 Frekhaugkrysset, inkludert utbetring av fv. 244 fram til Sagstad skule.	
Målet for planarbeidet er:	
<i>1. Ei trafikkisikker kryssløysing for fv. 564 Frekhaugkrysset som gir god avvikling, og som kan</i>	

etablerast utan at det samstundes medfører større tiltak/omformingar av Frekhaug sentrum.

2. Ei trafikksikker og attraktiv løysing for mjuke trafikantar langsmed fv. 564 og fv. 244 fram til Sagstadskule og idrettsanlegg, med særleg fokus på fv. 244 og kopling mot delar av Frekhaug sentrum søraust for fv. 564.
3. Ein kollektivhaldeplass som minimum svarar til kollektivtilbodet i dag eller utgjør ei forbetring i kollektivtilbodet. Som prinsipp skal ein streva etter at haldeplassen kan handtere 5 samtidige bussar effektivt og trafikksikkert, og kan etablerast utan at det krev større tiltak/omformingar av Frekhaug sentrum.

Frekhaugkrysset inkl. Sagstadvegen ligg inne som prosjekt nr. 5. i Nordhordlandspakken, og har med dette høg prioritet. Delar av vegtiltaka vil kunne realiserast av Nordhordlandspakken.


Dagens situasjon:

Begge vegane har i dag varierende vegbreidde. Det er ulik årsdøgntrafikk (ÅDT) mellom fv. 564 og fv. 244 samt varierende trafikk internt på strekningar av fv. 564. Frekhaugkrysset har trong for punktutbetring av trafikksikkerhet for gåande og syklende samt kanalisering av kryss. Kollektivterminalen har i dag nok kapasitet og er i seg sjølv ikkje prosjektutløysande, men må relokalisereast som følgje av plan.

Dagens fv. 244 er ein 1-feltsveg med få møteplassar. Dette gjev dårlege tilhøve for møtande trafikk og trafikkfarlege tilhøve for mjuke trafikantane. I morgon-/ettermiddagsrush er det vanskeleg for trafikk frå Sagstadvegen å køyre inn på fv. 564.

Bustølvegen vert av mange brukt som alternativ veg for mjuke trafikantar som skal bevege seg i aksen Sagstad-Frekhaug/Mjåtveit.

Forslag til plangrense:



Plangrensa vart diskutert i møte og endelig avgrensing vert tilsendt i etterkant. Det bør kome tydeleg fram i varsel om oppstart kvifor grensa er trekt så langt ut og kva konsekvensar det har for dei berørte eigedomane.

## Hovudpunkt frå oppstartsmøte

- Tiltakshavar og konsulent presenterte forprosjektrapporten som er utarbeida, og gjekk innpå dei tilrådde alternativa for utbetring av fv. 564 og 244.

### Føresegner frå KPA 2015–2026 som vedkjem planen:

1.4.6 Langs hovudvegen FV 564 skal kryssing av gang- og sykkeltrafikk i utgangspunktet skje planfritt.

I temakart som er vedlegg til kommuneplanen ligg planområdet innafor *Landbruk, Kjerneområde jordbruk og kulturlandskap, Økonomisk drivverdig skog*.

### Plangrense

- i endeleg plankart må plangrense diskuterast med gis-ansvarleg

### Landskap/terrengbehandling

Vegen går gjennom eit viktig natur- og kulturlandskap. Det må takast omsyn i planen, spesielt mtp fyllingsskråning mot dyrka mark og landbruksavkjørsler. Terrengtet må behandlast skånsamt. Plan for massehandtering skal vere ein del av plandokumenta

### Kultur/friluftsliv

#### Kulturminnevern:

Løa på Langeland, sjå etter avbøtande tiltak. Kunne gjort eit prosjekt på dette, formidla løa si historie el. Planleggjar tek kontakt med kulturkonsulent for spørsmål.

Tørrmurt veg i grensa mellom 24/7 og 24/141. Denne bør bevarast i så stor grad som mogeleg, og er tenkt til å tene som eit framtidig mogleg utgangspunkt for ferdsel oppover i marka rundt Storeknappen. Vegen er eitt av få kulturminne i utmarka her, og vil kunne fortsetje å vere til nyttig bruk av mange i åra som kjem, med god formidlingsverdi.

#### Friluftsliv:

Sjå kartlegginga på <http://kart.naturbase.no/>, kartlagde friluftsområder

Avkøyring/gangveg mot Bustølen frå tunet ved fylkesvegen er viktig gang/sykkel – frå Mjåtveit til Fossemyra og turterreng mot aust og nord. Motsett frå Fossemyra til Mjåtveitelva.

### Planer i området

Langelandsskogen og deler av Frekhaug sentrum

- Oppstart av områdeplan skal vedtakast i formannskapet 20.09.2017
- tett samarbeid om regulering av vegløyving, samkjøre plangrense mm.
- [Oppstart Langelandsskogen](#), s 26– 29
- Kontaktperson Kristin Nåmdal

### VA

Kommunen vil i samband endring av krysset erstatte og leggje nye leidningar, dette må det takast omsyn til i detaljreguleringa. VA-rammeplan til godkjenning før 1. gongs behandling.

Det ligg leidningar i grunnen i dag og digitale filer over desse er sendt over til konsulent.

Ein har no høve til å kartleggje alle leidningar i grunnen, eit samarbeid her må avtales nærare.


### Medverknad

Open kontordag på rådhuset når planen er ute på høyring.

### Kommentarar til tilråd løysing, alternativ 2

- Frekhaugkrysset
  - Betre kopling for mjuke trafikantar mot Langeland
  - Fleire overgangar, sjå bilete under
  - Sykkelparkering?

#### 4.1.2 Alternativ 2



- Sagstadvegen
  - ivareta landbruksavkjørsler
  - snevre inn midtrabatt

### Konsekvensutgreiing

Forslagstillar har vurdert tiltaket er etter Forskrift om konsekvensutgreiing (2017) § 8, og konkludert med at det ikkje er behov for behandling etter § 10.

Administrasjonen er eining i vurderinga, men ber om at i planprosessen vert tatt omsyn til biologisk mangfald innafor planområdet og at ein følgjer naturmangfaldslova.

### Aktuelle kontaktar for planarbeidet

VA: [harry.finseth@meland.kommune.no](mailto:harry.finseth@meland.kommune.no)

Kultur: [eirik.utne@meland.kommune.no](mailto:eirik.utne@meland.kommune.no)

Landbruk: [marius.knudsen@meland.kommune.no](mailto:marius.knudsen@meland.kommune.no)

Geodata: [anngunn.gullbra@meland.kommune.no](mailto:anngunn.gullbra@meland.kommune.no)

Plan: [ingrid.raniseth@meland.kommune.no](mailto:ingrid.raniseth@meland.kommune.no)

Veg/prosjekt: [berit.eskeland@meland.kommune.no](mailto:berit.eskeland@meland.kommune.no)

Byggesak: [merethe.tvedt@meland.kommune.no](mailto:merethe.tvedt@meland.kommune.no)

Arealplanleggjar: [alexander.helle@meland.kommune.no](mailto:alexander.helle@meland.kommune.no)

GIS: [hans.ove.kannenberga@meland.kommune.no](mailto:hans.ove.kannenberga@meland.kommune.no)

Samfunnsplanleggjar: [kristin.namdal@meland.kommune.no](mailto:kristin.namdal@meland.kommune.no)


3. Rammer for planarbeidet (kommunen/konsulent fyller ut)	
Følgjande arealplanar gjeld for heile eller deler av området (ID og dato skal førast):	
Plantype	Plannamn / PlanID
Kommuneplanen sin arealdel	Arealde/ <a href="#">1256 2010 0003</a>
Kommunedelplan	Nei
Kommunalt planprogram	Nei
Reguleringsplan Områdeplan Detaljplan	<a href="#">125620100004 Områderegulering for Frekhaug senter</a>
Andre planar/vedtak(t.d. kommunal planstrategi, fylkesdelplan m.v)	<p><b>Konsulenten kontrollerer dette.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Fylkesplan for Hordaland 2005 – 2008</li> <li>Fylkesdelplan for energi, 2001–2012</li> <li>Fylkesdelplan for kulturminne, 1999–2010</li> <li>Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, 2008–2012</li> <li>Klimaplan for Hordaland 2010–2020</li> <li>Regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland</li> <li>Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025</li> </ul>
Plannamn / PlanID	
Planen vil heilt erstatte følgjande plan(ar)	
Planen vil erstatte deler av følgjande plan(a)r	<a href="#">125620100004 Områderegulering for Frekhaug senter</a>
Aktuell reguleringsstype	
Detaljregulering	Detaljplan med føresegner utarbeidas innafor rammene av §§ 25 og 26 i Pbl. Detaljplan skal m.a. syne eigedomsgrensar, byggjegransar, plassering av bygningar og anlegg, ev. støyskjerm, planerings- og bygningshøgder, terrenghandsaming (skjering/fylling/mur), min. 2 m anna veggrunn langs veg, svingradius og høgder for veg mm.
Reguleringsendring (opplys om planidentitet til plan som det er ønske om å endra)	
Områdeplan	
For områdeplan er kommunen ansvarleg for utarbeiding, jf. pbl §12–2. Dersom private skal gjennomføre områdeplan, må det gjerast gjennom avtale/samarbeid med kommunen. Det må normalt gjerast politisk vedtak om slikt arbeid.	
Ikkje avklara	

Dersom det er tvil om plantype vil ein gjere nye vurderingar etter framkomne opplysningar under oppstartsmøte.	
<b>Planavgrensing</b>	
Kommunen fastset endeleg planavgrensing. Tiltakshavar/konsulent sender planavgrensing i SOSI og pdf format etter oppstartsmøtet / endeleg avklaring av plangrense (SOSI-fil i situasjonskartet).	
<b>Plannamn (må tilfredsstilla krava i stadnamnlova.)</b>	
Forslagsstillar sitt forslag til namn	<i>Detaljregulering for Fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244</i>  Ny PlanId 1256 2017 0003
Kommunen vedtek plannamnet og nye stadnamn i planen. Kommunen vil koma med melding attende med omsyn til ID og namn på planen før oppstart av planarbeidet	
<b>Planframlegget</b>	<b>Merknad (føremål, område..)</b>
Planframlegg i samsvar med overordna plan	Utbetring av Sagstadvegen med gs-anlegg ikkje særskilt krav i KPA
Planframlegg ikkje i samsvar med overordna plan.	
<b>Vertikalnivå</b>	<b>Merknad</b>
Fleire vertikalnivå, jf. forskrifta § 9 tredje ledd	Nei
<b>Planarbeid i området</b>	<b>Merknad</b>
Det er ikkje anna planarbeid i området som kommunen kjenner til	
Det går føre seg planarbeid i området:	Områdeplan for Langelandsskogen og deler av Frekhaug sentrum

#### 4. Utgreiingsbehov for planarbeidet

##### Lokale tilhøve som føreset særleg utgreiing/vektlegging i planarbeidet :

1. Barn og unge sine interesser	Ja, planskildring og føresegner
2. Funksjonshemma og eldre sine interesser	Ja, planskildring og føresegner
3. Universell utforming	Ja, planskildring og føresegner
4. Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar	Ja, planskildring og føresegner  Planområdet ligg i kjerneområde landbruk, og i eit av dei mest sentrale landbruksområda i kommunen. Det må takast omsyn til landbruket i planarbeidet.

	<p>Kommunen ynskjer å nytta massar frå utbygging som ressurs for landbruk og samfunn. Overskotsmasse i utbyggingsområde skal så langt som mogeleg brukast på staden, til dømes til istandsetting og tilarbeiding av terrenget. Utbyggingsområda må planleggast og utviklast slik at behovet for å transportere bort masser blir minst mogeleg. Dersom det blir masse til overs, må utbyggjer vise kvar overskotsmassen skal mottakas parallelt med utarbeiding av reguleringsplanen. Overskotsmassar frå tidligare dyrka jord- og jordmassar som er eigna til jordbruksproduksjon bør nyttast til forbetring av eksisterande jordbruksareal og difor leverast til godkjende jordmassemottak lokalt. Plan for slik gjennomføring må vera på plass seinast før igangsetting av tiltak innafor planområdet, og må takast med i rekkjefølgjekrava i planen.</p> <p>Sjå rettleiaren <a href="#">Jordmassar- frå problem til ressurs</a> for meir informasjon.</p>
5. Biologisk mangfald	<p>Ja, planskildring.</p> <p>Det er registrert vipe (sterkt truga) og sanglerke (sårbar) innafor planområde, og i nærleiken. Vidare er det registrert to artar av stor forvaltningsinteresse (gråtrost og fiskemåke) i og i nærleiken til planområde. Det må takast omsyn til desse i vidare planarbeid. Det er registrert 3 forskjellige framande artar innafor planområde. Det må klarleggast i planarbeidet om det gjennomførast tiltak for å hindre spreieing av desse i samband med utbygging. Det må gjerast ei vurdering av tiltaket etter naturmangfaldslova §§ 8–12 i planarbeidet. Det bør også takast omsyn til terreng og naturlege grøntområde i området i samsvar med framtidig landskapsanalyse.</p>
6. Kulturlandskap og kulturminne	Ja, planskildring og føresegner.
7. Strandsona, sjø og vassdrag	Ja, planskildring og føresegner.
8. Miljøvernfarelege vurderingar	<p>Ja, planskildring og føresegner.</p> <p>Det er registrert både truga og sårbare artar innafor på det aktuelle området. Det må i planlegginga takast omsyn til desse. det må i planlegginga leggast vekt på miljøomsyn og ein lyt følgje naturmangfaldslova</p>
9. Samfunnstryggleik og beredskap	Ja, planskildring og føresegner. Innhente uttale frå kommunal brannavdeling.

10. Kommunikasjon, veg og veg-tekniske tilhøve /trafikktryggleik	Ja, planskildring og føresegner. Kommunen si VA-norm gjeld for planområdet. VA-rammeplan til 1. gongsbehandling.  VA-norm: <a href="http://www.va-norm.no/content/view/full/78565">http://www.va-norm.no/content/view/full/78565</a>
11. Kommunaltekniske anlegg	Ja, planskildring og føresegner.
12. Stadutvikling, kjøpesenter	
13. Klima og energi	Ja, planskildring og føresegner
14. Folkehelse (støy, ureining, m.v)	Ja, planskildring og føresegner. Det må gjerast vurderingar iht. støytiltak.

Førebels vurdering i høve forskrift om konsekvensutredninger av 2017	Ja	Nei	Vurderast nærare
Fell tiltaket inn under § 6, <i>Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding</i>		X	
Fell tiltaket inn under § 7, <i>Planer og tiltak etter andre lover som alltid skal konsekvensutredes, men ikke ha melding</i>		X	
Fell tiltaket under § 8, <i>Planer og tiltak som skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn</i>		X	
<i>§ 10 Kriterier for vurderingen av om en plan eller et tiltak kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn:</i>			
Egenskaper ved planen eller tiltaket omfatter:			
<i>a) størrelse, planområde og utforming</i>			
<i>b) bruken av naturressurser, særlig arealer, jord, mineralressurser, vann og biologiske ressurser</i>			
<i>c) avfallsproduksjon og utslipp</i>			
Lokalisering og påvirkning på omgivelsene omfatter en vurdering av om planen eller tiltaket kan medføre eller komme i konflikt med:			
<i>a) verneområder etter naturmangfoldloven <a href="#">kapittel V</a> eller markaloven <a href="#">§ 11</a>, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven</i>			
<i>b) truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv</i>			Registrert vipe, sanglerke, gråtrost, fiskemåke, samt 3



			framande arter
c) statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av <a href="#">27. juni 2008 nr. 71</a> eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av <a href="#">14. juni 1985 nr. 77</a> .			
d) større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsmål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet			Vil råde areal registrert som kjerneområdene landbruk
e) økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet			
f) konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning			
g) vesentlig forurensning eller klimagassutslipp			
h) risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom.			
I vurderingen av om planen eller tiltaket kan få vesentlige virkninger og følgelig skal konsekvensutredes, skal det ses hen til virkningenes intensitet og kompleksitet, sannsynlighet for at virkningene inntreffer og når de inntreffer, varighet, hyppighet og mulighet for å reversere eller begrense dem, om virkningene strekker seg over landegrensene, samt samlede virkninger av forslaget til plan eller tiltak og andre eksisterende, godkjente eller planlagte planer eller tiltak.			
Utløyer planen krav om KU ?			X
Vurdering om planens tiltak kjem inn under § 4 er gjort ut frå kjende opplysningar pr dato for oppstartsmøte.	Ved vesentlige endringar av planen vil ein vurdere krav om KU på nytt.	X	
<b>Planprogram</b>			
Utløyer planen/ønska endring av gjeldande plan krav om planprogram/revisjon av gjeldande planprogram, jf. plan- og bygningsloven § 4-1 ?			X
<b>Rikspolitiske retningslinjer som vedkjem planarbeidet</b>			
<a href="#">2014 Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging</a> <a href="#">2009 Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene</a> <a href="#">1995 Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen</a> <a href="#">1993 Rikspolitiske retningslinjer for samordnet areal- og transportplanlegging</a> <a href="#">1994 Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag</a> <a href="#">T-1442 (2005) Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging</a>			
Anna: Viktige dokument om planlegging, fortetting, flom og ras, ansvaret for jordressursane, Skildre tilhøva til regionale retningslinjer, folkehelseaspekt, bærekraft, born og unge etc.			

**5. Lokale forskrifter og retningslinjer som gjeld for planområdet (aktuell internettadresse skal skrivast i merknadsrubrikken)**

Kommunale vedtekter	VA-norm <a href="http://www.va-norm.no/content/view/full/78565">http://www.va-norm.no/content/view/full/78565</a>
Kommunale retningslinjer <ul style="list-style-type: none"> <li>• kommuneplanens retningslinjer</li> <li>• andre</li> </ul>	Klima og Energiplan for Meland kommune 2012–2020 Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019 Trafikksikringsplan 2012–2016 Overordna ROS-analyse for Meland 2013 <a href="#">Tiltaksplan vassforsyning avlaup og vassmiljø 2015–2019</a>
Føresegner i arealdel av kommuneplan	Ny arealdel med føresegner er førande for planarbeidet.  <a href="#">Kommuneplanens arealdel for Meland 2015–2026</a>

## 6. Krav til planforslaget – innhald og materiale

Forslagsstillar er gjort kjent med "sjekklister for plansaker" og "krav til planleveransen"	
<p style="text-align: center;"><u>Innhald</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Plankart i digital vektorform i samsvar med nasjonal standard</li> <li>• Planskildring</li> <li>• Føresegner</li> <li>• Kopi av varsel og mottekne merknader</li> <li>• Merknadskart</li> <li>• Sjekklister for planlegging (utfylt)</li> <li>• Illustrasjonsmateriale</li> <li>• Kontrolldokumentasjon (m.a. at plankartet tilfredsstillar kommunen sine tekniske standardkrav og nasjonale standardar)</li> <li>• VA-rammeplan</li> <li>• Plan for handsaming av jordmasser</li> </ul> <p>(ikkje utømmende liste)</p>	<p style="text-align: center;"><u>Materiale eks.</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Planskildring – Illustrasjonsmateriale, ROS analyse, ev anna analyser, eventuell KU og planprogram, skal alltid inngå i planskildringa</li> <li>• Tekniske vegteikningar som lengdeprofil, tverrprofil</li> <li>• Kopi av kunngjering og mottekne merknader, sjekklister og kontrolldokumentasjon kan leggest som vedlegg</li> <li>• I illustrasjonsmateriale inngår teikningar, perspektiv, kartdokumentasjon, terrengprofilar av noverande og ny situasjon, foto, illustrasjonsplan, 3D illustrasjonar mm.</li> </ul>

## 7. Kommunaltekniske anlegg

### Merknad

Forslagsstillar er gjort kjent med kommunaltekniske anlegg for veg, vatn og avlaup som vedkjem tiltaket.	Ja
Tiltaket føreset utbygging/utbetring av kommunaltekniske anlegg	Aktuelt
Tiltaket krev godkjent utbyggingsavtale med kommunen	

## 8. Kart

Planforslaget skal presenterast på tilstrekkeleg oppdatert kartgrunnlag (basiskart) og vera i samsvar med kartforskrifta til § 2-1 i pbl. Tiltakshavar skal rekvirere situasjonskart hos
--

	kommunen. Det er orientert om framgangsmåten.	
	<b>Nykartlegging</b>	<b>Krav (nærare om detaljar i situasjonskart)</b>
	Behov for nykartlegging	Kartgrunnlaget er av nyare dato og det er ikkje trong for nykartlegging. Kartdata kan tingast frå kommunen eller gjennom firma som leverer digitale kartdata frå kommunen.
	<b>Eigedomstilhøve</b>	<b>Kva må / bør gjerast</b>
	Tilstrekkeleg klarlagt	
	Ikkje tilstrekkeleg klarlagt	Fleirtal av unøyaktige grenser i planområdet. Husk grenser må påvisast før graving/sprenging.
	<b>Jordskifte</b>	
	Eigedomstilhøve	Her er fleire heimelshavarar.

## 9. Planprosess

### Medverknadsprosess jf. § 5-1

Det skal bli lagt til rette for ein aktiv medverknadsprosess. Planarbeidet skal kunngjerast som nemnd i § 4.

Det er vanleg å trekke offentlege høyringsinstansar inn i planprosessen ved oppstart av planarbeid. Vidare skal tiltakshavar/planleggjar i samband med kunngjeringa halde orienterings- og drøftingsmøte med dei som skal varslast særskilt om planarbeidet.

Også undervegs bør planleggjar vurdere behov for ekstra møte og legge til rette for annan form for medverknad som drøfting av problemstillingar, førebels utkast o.l.

	<b>Framdrift</b>	<b>Merknad</b>
	Det er informert om saksgangen etter plan- og bygningsloven	Konsulent er kjent med pbl. og reglane i kap. 12
	Forslagsstillar sin planlagde dato for varsling	Varsel om oppstart september 2017  Kunngjering skal vere i samsvar med sjekklister, vedlegg E og vedlegg D. Planomriss i gjeldande SOSI – format skal vera vedlagt, og planlagt dato for kunngjering skal vera opplyst. Utkast skal kontrollerast av kommunen før kunngjering.
	Det er gitt informasjon om sakshandsamingstid på reguleringsplanar	Her er litt ventetid, men stort sett innafor frist.
	<b>Undervegs møte</b>	<b>Merknad</b>
	Ein legg opp til ... ( tal ) møte undervegs før innsending av planframlegg	Ekstramøter kan vere aktuelt.
	Første møte er tidfest til..... ( ev tek plankonsulent kontakt når han/ho har eit ( uferdig ) utkast)	Ikkje avtalt, plankonsulent tek kontakt.

Gebyr	
	<i>Det vert ikkje gjeve gebyr i saka p.g.a. samarbeid mellom Statens vegvesten og Meland kommune. Reguleringsplanen er i samsvar med prioriteringar i Nordhordlandspakken som snarleg skal vedtakast.</i>
10 Kommunen sine førebelse råd og vurderingar	
	<p>Krev tiltaket politisk avklaringar før kommunen kan gi sine førebelse tilrådingar i høve oppstart av arbeidet?</p> <p>Kan ikkje sjå at det krev politiske avklaringar. Det vert orientert om oppstart av planarbeidet i Formannskapet 20.09.2017.</p>

11 Attestasjon	
	<p>Prioriterte utgreiingsbehov for planarbeidet er gitt så langt dette let seg gjera med grunnlag i tilgjengelege opplysningar under oppstartsmøtet.</p> <p>Det er gitt opplysningar om kommunen si "<b>Startpakke</b>" reguleringsplanarbeid der ein m.a. finn opplysningar om sjekklister for planlegging" og "<b>Krav til planleveransen</b>" og om kommunale vedtekter og retningslinjer. Informasjonen er i tilgjengeleg på kommunen si heimeside, <a href="#">Startpakke_reguleringsplanar</a>.</p> <p>Verken oppstartsmøte eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Naboprotestar, protestar frå velforeiningar, krav frå offentlege styresmakter m.m. vil kunna føra til krav om endring av prosjektet.</p>
<p>Ingrid Raniseth Saksbehandlar</p>	<p>18.09.2017 Stad, dato</p>